

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 26.03.2007
Sakhandsamar: Johnny Heggstad
Saka gjeld: **Helse2020 – Strategi for helseregionen**

Styremøte 11.04. 2007

Styresak 036/07 D

Bakgrunn:

Styret for Helse Vest RHF vedtok første gang skisse til revidering av gjeldande føretaksplan i møte 27.05.2005 (sak 49/05, pkt.7). Forslag til prosjektdirektiv for revidering av føretaksplanen vart vedteke i møta 17.06.2005 (sak 63/05, pkt.3) og 06.09.2005 (sak 72/05, pkt.4).

I 2006 har innhald og prosess i prosjekt Helse2020 vore handsama i styret i møta 08.02.2006 (sak 03/06, pkt.4), 23.03.2006 (sak 23/06, pkt.8), 03.05.2006 (sak 33/06, pkt.4, om faggrupper og utgreiingar), 06.09.2006 (sak69/06, pkt.7, om storsamlingar), 11.10.2006 (sak 82/06, om fagrapportane og involvering/storsamlingane). I tillegg til desse sakene har Helse2020 også vore fokusert i styreseminara.

Helsesektoren står overfor ei rad krevjande utfordringar i eit 2020-perspektiv. Samtidig representerer ny kunnskap, teknologi og metode spennande moglegheiter. Skal ein lukkast med å møte desse, må dette skje på ein planmessig og heilskapleg måte der samanhengar vert avdekkja og får si praktiske løysing. Så vel utfordringane som moglegheitene krev ei samordna tilnærming der ein koordinerer sin innsats, tydeleggjer sine ulike rollar og deler kunnskap mest mogleg effektivt.

Helse Vest har valt å nærme seg dette gjennom prosjektet Helse2020. Gjennom breie prosessar med aktiv deltaking frå ulike fagmiljø, tillitsvalde, brukarrepresentantar og andre interessentar er utfordrings- og moglegheitsbileta klargjorde, og tilrådingar til løysingar er presenterte. Dette er samla i ein eigen delrapport; "Helse2020 – Grunnlagsdokument som fundament for strategi for helseregionen".

Kommentarar:

1 Planprosessen

Helse Vest har hatt som intensjon å møte drivkreftene og utviklingstrekka på ein heilskapleg måte, der dei ulike forholda har blitt sett i ein langsiktig samanheng.

For å sikre seg gode og valide tilrådingar, har vi vektlagt å trekkje tunge vekslar på dei gode fagmiljøa som eksisterar i føretaksgruppa. Desse har bidrege både i aktivt arbeid i ulike faggrupper, og i ulike møte/samlingar rundt i regionen.

Vi valde å organisere utgreiingsarbeidet etter det vi meiner er nokre av dei mest sentrale problemstillingane. Dette er gjort på tvers av tradisjonelle faggrensar, og med aktiv deltaking både frå tillitsvalde og brukarrepresentantar. Primærhelsetenesta har også vore representert i det faglege

arbeidet. Ikkje minst har storsamlingane internt og eksternt bidrege til forankring av utfordringar og tilrådingar samt mange gode innspel til planverket.

I siste fase av planprosessen har vi særskilt hatt dialog med leiargruppene i føretaka for å sikre involvering og felles forplikting på plan og tiltak.

2 Plandokumentet

I "Helse2020 - Strategi for helseregionen" er utgreiingane og anbefalingane frå grunnlagsdokumentet lagt til grunn for dei endelege vala av mål og strategi.

Kapittel 1-3 gjev ein kortfatta omtale av prosjektfundamentet og tilnærminga.

I kapittel 4 presenterer vi kortfatta visjonane og dei overordna målsetjingane som Helse Vest vil bli leia etter dei komande åra. For at vi skal nå desse måla må ei lang rekkje tiltak realiserast. Desse vert nærare konkretiserte med både innhald, form og tidsplan i kapitla 5-8. Avslutningsvis omtalar vi risikofaktorar og andre viktige forhold knytt til operasjonell gjennomføring av tiltaka.

3 Høyringsprosessen

Den formelle høyringsprosessen for Helse2020 startar med at styret sender forslaget til strategi for helseregionen til intern høyring i eigne føretak og til ekstern høyring til dei eksterne interessentane som har vore involvert i planprosessen. Dette vil i utgangspunktet vere dei interessentar/instansar som er lista i vedlegg til grunnlagsdokumentet.

Ein vil be om at HFa styrebehandlar planverket og gir sine tilbakemeldingar innan sommaren, i siste halvdel av juni. Det er ein føresetnad at HFa i si behandling inkluderer eige brukarutval samt eigne tillitsvalde og vernetenesta.

Ein ber vidare om at dei eksterne interessentane gir sine høyringsuttalar med same frist som dei interne. Ut frå dette vil styret i Helse Vest RHF få seg førelagt endeleg planverk i styremøte 05.09.2007.

4 Iverksetting og oppfølging

Delen av Helse2020 som omhandlar visjon og mål skal vere langsiktig og dekke perioden frå no og framover mot år 2020.

Strategi og handlingsplanen er lagt med konkrete forslag om tiltak for perioden 2008-2011, og med ei fire års rullering av planverket.

I det nære perspektivet vil budsjetthandsaming og styringsdokument fastsetje konkrete tiltak og rammer for gjennomføring kvart enkelt år og basert på strategi og handlingsplanen.

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest RHF tek saka til førebels orientering.
2. Styret sender planverket for Helse2020 til høyring internt og eksternt med svarfrist i siste halvdel av juni.
3. Styret vil gjere endeleg vedtak om planverket for Helse2020 etter at den eksterne høyringa er avslutta og bearbeida.